



Øystre Slidre kommune



1.tertial rapport 2026

Lagt fram av kommunedirektøren 21.5.2026

10 på topp hovudprioriteringar

Økonomiplanen utgjør handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. I arbeidet med å nå visjonen om at fleire skal få oppleve rein naturglede vil kommunestyret leggje følgjande konkrete mål til grunn, jf. samfunnsdelen av kommuneplanen:


- Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.
- Tal deltidsinnbyggjarar skal auke med minst 1 % i året.
- Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

Dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden 2026-2029 følger nedanfor. Utviklingsområda er ei oppfølging av samfunnsdelen av kommuneplanen, og vil verte prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden. Kommunestyret blir med dette orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda ved 1. tertial 2026:

Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023.

Sjukefråværet 1. tertial var på 10,8 %. Dette er om lag same nivå som i fjor (10,5 %). Om vi skal samanlikne med målet om tre prosentpoeng ned sidan 2023, er talet 0,8 prosentpoeng lågare enn første tertial 2023, og difor eit godt stykke unna målet på 3 prosentpoeng reduksjon.

Fordelt på område har utviklinga vore slik:



Det er særleg innan helse- og omsorgstenestene fråværet har gått opp. Størst er fråværet innan førebygging og meistring (16,9%). Auken har vore størst i helse og tilrettelagde tenester (opp frå 7,8% til 11,3%). Der er fråværet 1. tertial om lag på same nivå som i 2024.

Det har vore eit kontinuerleg fokus på sjukefråvær dei siste åra. I 1. tertial har vi gjennomført følgjande tiltak:

- Gjort vedtak i AMU om å kjøpe ekstra timar frå bedriftshelsetenesta for å følgje opp sjukefråværet på einingar med særleg høgt fråvær. Dette kjem i tillegg til ei vidareføring av tiltak gjennomført i 2025, som ga positive utslag for sjukefråværet på Brennebakkin.
- Det er etablert HMS-grupper på alle einingar. HMS-gruppene har sjukefråvær som eit prioritert fokusområde.
- Leiarane har fått verktøy (Visma BI) som gjer ei løpande og oppdatert oversikt over status på sjukefråværet, og som viser utvikling over tid. Dette blir opplevd som eit nyttig verktøy.
- Sjukefråvær har vore fast tema på leiarmøta.
- Leiarar er bedt om å kalle inn til dialogmøter tidlegare enn fristane i lovverket.
- Kommunen har teke initiativ overfor legane, med sikte på eit større møte med legane i Valdres for å sette sjukmeldingspraksis på dagsorden.
- Personalavdelinga bistår tenesteeiningane i oppfølgings- og dialogmøte, når dette blir vurdert som føremålstenleg.

Vi skal gjennomføre tiltaka i plan for rekruttering.

Kommunen er godt i gang med tiltaka i rekrutteringsplanen, og opplever ein god trend i tilfanget av søkjarar ved utlysing av stillingar.

Av tiltak som er gjennomført:

- Vi tilbyr fulle stillingar der dette er mogeleg, og lyser stillingar ut internt der dette er relevant for å gje tilsette stillingsauke
- Vi har klarare fokus på utforming av kompetansekrav i utlysingstekster
- Vi er meir bevisste i bildebruk i annonsetekster
- Det er gjort forsøk med bruk av video i stillingsannonsar
- Vi bruker sosiale media i langt større grad, også ved hjelp av ekstern tenesteleverandør
- Det er gjort endringar i det automatiske svarbrevet om at søknad er motteken, utforma i ein meir imøtekomande form
- Vi har klarare fokus på raske tilsettingsprosessar og tilbakemeldingar til søkjarar
- Rutinane for tilsetting er oppdaterte
- Det er utarbeidd ein intervjujal
- Det er utarbeidd ein mal for referanseintervju
- Leiarar har meir fokus på å halde kontakt med søkjarar før oppstart i stillinga
- Fadderordning for nytilsette er på plass fleire stader i organisasjonen
- Det er utarbeidd nye rutinar for opplæring, introduksjon og rettleiing
- Det er utarbeidd nye rutinar for oppfølging i prøvetid
- Omplassing av sjukmeldte blir vurdert når dette kan vere føremålstenleg
- Vi er godt i gang med samarbeid med NAV om arbeidstreningstiltak og tilsetting av personar som har vore utanfor arbeidslivet ei periode
- Vi har ungdom som stogovakter, og godt med søkjarar til sumarjobbar

- Vi tilbyr stilling til studentar på vilkår om fullført utdanning når det ikkje er kvalifiserte søkjarar
- Vi er i gang med utarbeiding av eit opplæringsprogram for leiarar
- Vi har fokus på eit godt arbeidsmiljø, særleg styrka gjennom etablering av HMS-grupper

Vi skal i løpet av 2026 greie ut verknadene av mogleg endra skulestruktur, med vekt på verknad for læringsmiljø, læring og lokalsamfunn. Vi skal sikre brei medverknad frå FAU, tilsette m.fl. i arbeidet.

Planprogrammet seier at utgreiinga skal gje eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere kva skulestruktur som gjev best grunnlag for eit godt læringsmiljø og læring for elevane. Vi skal sikre ein god tenestekvalitet i skulen for alle elevane.

Arbeidet med utgreiinga er godt i gang, med mål om å legge ut rapporten til offentleg høyring i august-september 2026. Arbeidsgruppa har hatt tre arbeidsmøte. Det er gjennomført djubdeintervju og anna mellomarbeid mellom møta. Det er forventa at vi skal halde tidsplanen som ligg i planen for utgreiinga.

Det er innhenta informasjon gjennom djubdeintervju, undersøkingar, skriftleg henvending om å få innspel til saka og i møte, frå følgjande fagmiljø og involverte organisasjonar:

- | | |
|---------------------------------|-------------------------------|
| -Elevråda | -FAU ved alle skulane |
| -Tilsette i skulen | -Habiliteringstenesta |
| -Foreldre i skulen | -Barne- og ungdomspsykiatrien |
| -Foreldre i barnehagane | -Interkommunalt barnevern |
| -Verneombod | -Dei kommunale råda |
| -Tillitsvalde | -Skulehelsetenesta |
| -Leiargruppene på skulane | -Psykisk helsetenes |
| -Pedagogisk psykologisk teneste | |

I djubdeintervjua har lag- og foreiningar sine vurderingar av moglege konsekvensar for lokalsamfunnet vorte kartlagt. Det vil bli take med i rapporten. Vidare verknader for lokalsamfunnet vil bli arbeidd med i neste steg, dersom utgreiinga viser at ein endra skulestruktur vil vera positiv for tenestekvaliteten, og kommunestyret vel å arbeide vidare med utgreiing av skulestruktur.

Rapporten vil vise no-situasjonen og elevprognosar. Samstundes må vi sjå kva forventningar som ligg i framtida si skule, og skulen treng å vera fleksibel nok til å handtere endringar ut i frå elevgruppa og endringar i sentrale føringar. Dette gjer til at utgreiinga ser på kva som kan ha verknad i eit tidsperspektiv på fleire tiår. Tidsperspektivet er ikkje spesifisert i oppdraget.

Arbeidsgruppa er opptatt av å ha ei brei tilnærming til forskning innanfor området, og vil gje ei kort samanfatning av forskingsfunn i rapporten.

Utgreiinga vil gi tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere kva ser er barnets beste. Prinsippet om barnets beste er grunnlovfesta og nedfelt i relevant regelverk for skuledrift.

Vi skal i løpet av 2026 gjere ferdig friområdet Furustrand som sentral møtestad, aktivitets- og friluftsområde for alle, uavhengig av funksjonsnivå.

Vi har tidlegare etablert turveg med lysanlegg, dagsturhytte og ny tilkomst til ein samla kostnad på 3,3 mill. eks mva. I år skal det byggjast toalett og lagerbygg, kiosk, brygge og badstogo. Bygga vil bli universelt utforma. Det vil bli etablert ein badebinge med rampe, som er tilgjengelege for alle uavhengig av funksjonsnivå. Denne er det leveringstid på, og vil først bli montert før sommar-sesongen 2027.

Deler av utbygginga vil bli finansiert med eksterne løyvingar, m.a. vil vi nytte 1 mill. av tilskotet til «God og trygg»-prosjektet frå Friluftsrådets Landsforbund til utbyggingane på Furustrand. Som følgje av kostnadsveksten sidan prosjektet vart starta i 2024 og som følgje av kostnadene til ny tilkomst som ikkje var ein del av den opphavlege kostnadsramma, vil det vera behov for ei sluttfinansiering på omlag 1,8 mill. kroner i 2026.

Vi skal i løpet av 2026 vedta ein strategi for areala og bygningane på Løken gard og bidra til høg aktivitet ved nasjonalt senter for fjellandbruk.

Arealstrategien for Løken kan ikkje vedtakast før arealplanen er vedteken. Vi gjennomfører nokre tiltak i 2026 som legg til rette for rimelegare husleige for Nasjonalt senter for fjellandbruk over tid. Det viktigaste tiltaket er ny energiløysing, med ny varmpumpe for administrasjonsbygget. Tiltaket vert finansiert i 2025 og 2026 med noko høgare husleige for fjellandbrukssenteret, men vil ved dagens energiprisar gje ei redusert årleg husleige på med over 500 000,- kroner frå og med 2027. I tillegg vert Nyhagevegen 38 sett i stand til å huse einslege mindreårige flyktningar, finansiert over flykningebudsjettet.

Vi har etablert eit samarbeid med fjellandbrukssenteret om eit eittårig prosjektet som heiter "Fjelllets jordbrukslandskap". Prosjektet tek opp utfordringar som oppstår med auka fritidsbruk av jordbrukslandskap i fjellet.

Vi skal invitere til Rein naturglede og styrke merkevaren og reisemålet Beitostølen gjennom m.a. å:

- **sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper mv.**
- **vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå**
- **auke bruken av Beitostølen stadion i lag med stadionselskapet, gjennom betre tilrettelegging for alle, utvikling av nye tilbod og fleire arrangement**
- **styrke opplevingsnæringane og skape fleire arbeidsplassar i reiselivet.**

Vi gjennomfører fleire tiltak for å sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper m.v. Vi har gått gjennom tidlegare utbyggingsavtalar for å sikre at dei som har ein plikt til å betale eit årleg løypebidrag gjer det. Dette arbeidet vil halde fram i 2026. Kommunen har sett av 3 mill. kr. til fellesgodefinansiering over inntektene frå eigedomsskatt, føreset tilsvarande bidrag frå næringslivet. Ei endring i plan- og bygningslova som inneber at vi ikkje kan setja vilkår om utbyggingsavtale frå sommaren 2026, inneber at vi må utvikle andre verkemiddel som sikre fellesgodebidrag frå utbyggjarar og framtidige eigarar av fritidsbustader.

Kommunen har i 1. tertial vidareført arbeidet med målet om å Beitostølen til det best tilrettelagde reisemåla i Noreg for alle. Arbeidet er forankra både i prosjektet «Alle skal med – rein naturglede i Øystre Slidre» og i den langsiktige satsinga på universell utforming, tilgjengelegheit og inkluderande reisemålsutvikling.

Gjennom prosjektet «Alle skal med – rein naturglede i Øystre Slidre», der vi har fått 2 mill. kr. i støtte gjennom ordninga «God og trygg tilgang til naturen» til gjennomføring av tiltak, er det sendt inn oppstartsrapport og arbeid vidare med prioriterte tiltak og nødvendige grunneigaravklaringar. Arbeidet skjer i samarbeid med Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Beitostølen Helsesportsenter (BHSS), Beitostølen Stadion og Sti- og løypeselskapet. Kommunen arbeider også aktivt med å identifisere og søkje fleire tilskotsordningar for å sikre finansiering av vidare tiltak knytt til tilrettelegging av natur, stiar og møteplassar.

Kommunen har vidare fått kr 183.000 i prosjektmidlar frå Bufdir gjennom deltaking i KS-nettverket for universell utforming. Midlane skal ikkje nyttast til fysiske investeringar, men til kompetanseheving, kartlegging, strukturutvikling og systematisk arbeid med universell utforming i kommunen. Målet er å etablere betre arbeidsmetodikk og samhandling som gjer det enklare å operasjonalisere politiske ambisjonar og mål i planverket til praktisk handling. Det er etablert ei tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar frå planavdeling, teknisk drift, kultur og helse. Kommunen har også delteke på to nasjonale KS-samlingar i Oslo og Bergen med tema knytt til universell utforming, inkluderande nærmiljø, orientering, framkome og bustadutvikling.

I tillegg har kommunen fått kr 30.000 til kartlegging av universell utforming og oppdatering av eksisterande data i Kartverket. Dette arbeidet vil styrke kunnskapsgrunnlaget og bidra til meir systematisk oppfølging av tilgjengelegheit i kommunen.

Arbeidet med pilotbedriftene i INKLU-prosjektet held fram. Det er gjennomført samling med pilotbedriftene, og fleire verksemder planlegg eller har gjennomført konkrete tiltak for betre tilgjengelegheit. Brukarrepresentant har testa tilboda og gitt konkrete innspel og råd til vidare utvikling. INKLU-prosjektet har ei viktig koordinerande rolle i arbeidet og bidreg til samhandling mellom kommune, næringsliv, BHSS og andre samarbeidspartnarar.

Vi legg til rette for opplevingsnæringar gjennom regulering og revidering av m.a. sti- og løypeplanen. Kommunen har også hatt ei tydeleg stemme i det regionale arbeidet om ny organisering av nærings- og utviklingsapparatet, der vi har lagt vekt på styring av reiselivet og auka fokus på næringsutvikling. Vi har også lagt vekt på å gje utviklingslaga i kommunane ein tydelegare plass i desse arbeidet.

Vi skal revidere hovudplanen for vatn og avløp og avklare framtidig utbyggingsløysingar for avløpsreinsing og vassforsyning.

Revidering av hovudplan for vatn og avløp vil bli starta opp etter at arealplanen er vedteken. Det er starta eit omfattande utgreiingsarbeid om felles reinseanlegg i Aurdal for kommunane Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Øystre Slidre. Kommunane har fått over 2 mill. Kr. I støtte til utgreiingsarbeidet frå Miljødirektoratet og 0,5 mill. i støtte frå Statsforvaltaren i Innlandet. Utgreiingsarbeidet vil gå fram til sommaren 2027, og også innehalde eit fagseminar om avløpsreinsing.

Det vert gjennomført fleire investeringstiltak innan vatn og avløp i 2026, og som kan gjennomførast uavhengig av revidering av hovudplanen. M.a. er ei 2. reinselne ved Beito RA under planlegging. Kommunedirektøren vil kome tilbake til kommunestyre med utbygging av Beito RA som ei eiga investeringssak.

Vi skal kartlegge motivasjonen for vidare drift og utvikling hjå mjølkeprodusentane og resten av landbruket, og motivere alle mjølkeprodusentar til å leggje om drifta i samsvar med lovkrav.

Vi har kartlagt motivasjonen for vidare drift hjå mjølkeprodusentane ved å vore i dialog med dei bøndene som enno ikkje har starta prosessen med omlegging til lausdrift. For mange inneber omlegginga store kostnader, og fleire peikar òg på utfordringar knytte til behovet for å auke

dyretalet for å få økonomi i ei slik omlegging. Vi er også i gang med å planleggje ei samling for bøndene, der dei får høve til å løfte fram eigne problemstillingar knytte til ei mogleg omlegging. Med utgangspunkt i dette tek vi sikte på å gjennomføre møte med Innovasjon Norge, Tine-rådgjevarar, Norsk Landbruksrådgiving og leverandørar av fjøssystem for å finst løysingar som møter dei utfordringane bøndene opplever.

Vi skal i arbeidet med å gjennomføre tiltak i helse og omsorgsplanen vidareutvikle og styrke samarbeidet med frivillige organisasjonar og enkeltmenneske.

Det er i 1. tertial gjennomført fleire møter i tenestene der tildelingskontoret har informert om sitt arbeid. Det er avgjerande med felles forståing av tildeling av kommunale helse- og omsorgstenester for å lykkast med tilpassinga vi må gjennomføre dei neste åra. Vi arbeider med tildelingskriterier som skal vera ei god støtte i tildeling av tenester.

Det er igangsett eitt arbeid med å auke bruken av sjukepleierklinikken både frå heimetenesta og legekantoret, omfattande revidering av informasjon på heimesida og ferdigstille mandat til ambulerande ressursteam. Ambulerande ressursteam skal kunne rettleie direkte inn i heimar som treng bistand for å unngå forverring av påbegynt negativ utvikling og. Ressursteam for demens er etablert og gir oss moglegheit til å kunne dekke eit større behov for kartlegging av demens, kompetansedeling og avklare kvar i meistringstrappa innbyggjaren er. Det vil gje eit betre bilete for å sette inn bistand på rett nivå.

Det er kome inn eit privat initiativ for å starta opp ei pårørandegruppe for dei pårørande til heimebuande personar med demens. Demenskoordinator og Treffpunkt Heggnes støttar initiativet og har dialog med initiativtakarane som å legge til rette for tiltaket.

Psykisk helse planlegg eit arbeid for å spreie informasjon rundt psykisk helse. Det er eit ynskje om å kunne støtte og dele informasjon både til trenere til barn og unge og bonde- og småbrukarlaget.

Vi har som mål å betre dei faglege resultatata i skulen, slik at vi i løpet av planperioden nærmar oss det nasjonale nivået på nasjonale prøver og grunnskulepoeng, samtidig som vi gjennomfører tiltak innanfor oppvekstmiljøet for å sikre høg trivsel blant barn og unge.

Resultata på nasjonale prøver 5. trinn viser at vi dette året ligg noko under nasjonalt nivå i rekning og lesing, men over nasjonalt nivå i engelsk. På 8. trinn ligg vi under nasjonalt nivå i lesing og rekning og på nasjonalt nivå i engelsk. Vi ligg under nasjonalt nivå i grunnskulepoeng.

På 7. trinn syner årets elevundersøking ein framgang på alle indikatorane, bortsett frå støtte frå lærar, som held seg stabil på 4,3. Samanliknar vi resultatata med Innlandet og nasjonalt ligg vi over eller på same snitt på alle indikatorane.

10. trinn vise meir variabelt resultat. Det er framgang frå skuleåret 24/25 innan fleire område, men også tilbakegang på opplevinga av meistring. Samanlikna med fylket og landet ligg vi under snittet på fem indikatorar, over snittet på fem indikatorar og likt på ein indikator. Ser vi på utvikling over tid er det meistring som har gått mest ned, medan motivasjon har gått godt opp.

Både 7. tinn og 10.trinn svarar betre på læringskultur og meistring enn nasjonalt.

Svara på elevundersøkinga er eit "her og no"-bilete. Det vil variere mellom trinn , men vil også kunne få ulike svar ut i frå når elevane blir spurt. Det er derfor viktig å sjå på snitt over år for å vurdere kva svarar fortel på systemnivå.

Både barnehage og skule jobbar aktivt med vaksenrolla i læringsmiljøprosjektet og det er sett inn konkrete tiltak ut i frå den enkelte barnehage eller skule sitt behov. Vi har god oppfølging frå rettleiarane frå Læringsssenteret. I tillegg deler vi kompetansen vi får gjennom prosjektet med heimar og lag og foreningar som møter barn og unge på fritida.

Økonomirapportering drift

Nedanfor følgjer rekneskap og budsjett per 1.tertial (april) 2026, budsjettet for året og ev. endringar i prognose og budsjettendringsforslag for året. Oversikta viser fordelinga på dei ulike verksemdar / tenestoområda.

Vi gjer merksam på at budsjettendringane som er lagt fram i samband med årsrekneskapen for 2025 er medtekne i «Budsjett inkl. endring» i tabellen nedanfor. Alle tal er i heile 1000 kr.

Rekneskap og budsjett er ikkje periodisert i særleg grad, og resultatet gjennom året gjev ikkje alltid eit representativt bilde av status. Ved tertialrapportane vurderer vi om det er vesentlege prognoseavvik for året på dei ulike områda, og desse er kommentert nedanfor.

Verksemd	2025 1.tert Regnskap	2026 1.tert. Budsjett inkl. endr.	2026 1.tert. Regnskap	Budsj- avvik per 1.tert. 2026	Budsjett inkl. endring år 2026	Prognose endring år 2026		Budsjett- endring forslag
ALLE	24 854	3 556	-1 097	4 653	0	0		0
POLITISK LEIING OG KONTROLLORGAN	901	1 130	1 014	117	3 412	0	✓	
KOMMUNEDIREKTØR fellesområde	1 009	1 489	885	604	10 056	0	✓	
STAB	9 091	8 089	7 923	167	19 955	0	✓	
FELLES OPPLÆRING OG KULTUR	2 086	654	1 150	-496	2 359	578	✓	578
ØSUS	5 931	6 546	6 440	106	17 808	0	✓	
ROGNE SKULE	6 558	6 771	6 911	-140	18 560	0	✓	
LIDAR SKULE	6 090	7 766	8 004	-238	21 808	0	✓	
ROGNE BARNEHAGE	5 502	6 354	5 994	360	17 471	0	✓	
BEITO BARNEHAGE	3 147	2 903	2 735	169	7 056	0	✓	
PRIVATE BARNEHAGER	2 563	2 107	1 944	163	6 324	0	✓	
KULTURAVDELINGA	3 874	3 758	4 201	-443	10 785	-578	✓	-578
INTEGRERINGSTENESTA	1	5 833	4 498	1 335	16 897	0	✓	
FELLES HELSE OG OMSORG	7 065	9 955	9 517	439	28 880	-230	⚠	-230
HELSE OG TILRETTELAGDE TENESTER	15 844	15 407	17 106	-1 699	43 926	2 500	!	
FØREBYGGING OG MEISTRING	13 108	13 765	14 041	-275	39 735	0	✓	
INSTITUSJONSTENESTER	12 899	12 813	12 591	222	37 094	0	✓	0
TEKNISK DRIFT	18 358	7 063	18 042	-10 979	38 745	-172	✓	-172
NÆRING PLAN OG BYGGESAK	5 965	5 763	4 932	832	14 524	0	✓	
KRAFTFORVALTNING	-9 065	-3 923	-14 768	10 845	-11 774	0	✓	
RAMME OG SKATT	-101 276	-121 785	-130 997	9 211	-360 501	-200	✓	
RENTER OG AVDRAG	15 037	10 845	14 043	-3 198	18 412	150	✓	150
INTERNE FINANSTRANSAKSJONAR	166	250	2 699	-2 449	-1 530	-2048	✓	252

Oppsummerande vurdering drift

Dei fleste områda ser ut til å vera i tråd med budsjett per april. Nedanfor følgjer kommentarar til dei områda der det er avvik eller stor usikkerheit i forhold til budsjettet for året, og ev. behov for budsjettendringar.

Kommunen reknar høg risiko for meirforbruk innan tilrettelagde tenester Brennebakkin (bemanning). Andre vegen går det at prognosen viser lågare pensjonsutgifter. Alt i alt går prognosen i null i forhold til budsjett. Det er enkelte andre områder med risiko for meirforbruk, spesielt barnevern, men dette er ikkje beløpsfesta eller teke inn i prognosen p.t.

I økonomiplanen for 2026- budsjetterte kommunen å tære på ordinært disposisjonsfond med 6,3 mill. i 2026. Kommunen har også tæra på det ordinære disposisjonsfondet dei siste to åra. Nivået på fondet utgjør ikkje ein god nok buffer, slik måla til kommunen tilseier. I tillegg er budsjettet gradvis stramma inn dei siste åra, noko som inneber mindre reservar/slakk og høgare risiko for meirforbruk når uføresette ting skjer. Vi må legge ned meir innsats framover i å leite etter område der det er mogleg å redusere utgiftsnivået.

Felles opplæring og kultur

Vi legg fram budsjettendringsforslag å flytte kommunal eigenandel for Frivilligsentralen (estimert til 578` i 2026) frå Frivilligsentralen under Kultur til Felles opplæring og kultur. Dette for å gjera rekneskapen for Frivilligsentralen meir oversikteleg.

Skuler og barnehagar ser ut til å drive i tråd med budsjett i år.

Integreringstenesta

Integreringstenesta har samla sett eit mindreforbruk i første tertial, og forventar å halde seg innanfor budsjettet for året.

Det er vedteke at kommunen skal busetje 5 einslege mindreårige flyktningar. Per no er det knytt uvisse til når og om desse kjem, men vi ventar uansett ikkje at dei kjem før i tredje tertial. Dette vil redusere både utgifter og inntekter for året. Største del av utgiftene, og tilskotsinntektene knytte til busetjing av einslege mindreårige, vil først byrje å kome frå den dato den enkelte blir busett.

Felles helse og omsorg

Oppgradering til Sensio 365: Felles velferdsteknologisk plattform i Valdres er basert på Sensio Unity 6-plattform. Unity 6 skal fasast ut og erstattast med Sensio 365. Utgiftene til denne endringa blir fordelt mellom IKT-Valdres og den enkelte kommune, og for Øystre Slidre vil det kome på 86`. Arbeidet vil bli gjennomført hausten 2026. Kommunen dekkar kostnadane ved å bruke midlar frå ubunde fond for helse og omsorg. For å kunne nytte ubunde fond, må vi vedta budsjettendring.

Nytt elektronisk pasientjournalssystem: Helse- og omsorgstenestene skal bytte ut systemet for elektronisk pasientjournal. Førrebuinga startar opp hausten 2026, og implementeringa er sett til 1. kvartal 2027. For å kunne ta i bruk det nye systemet på ein best mogleg måte og dra ut nytteverdien,

vil det vera behov for å ha ein personalressurs som kan ha ansvar for dette arbeidet. Siste halvår 2026 vil det vera behov for 20% og fyrste halvår 2027 vil det vera behov for 60% stilling. Kommunen dekker kostnaden ved å nytte midlar frå omsorgsfondet (bunde fond).

Interkommunale samarbeid – barnevern:

Vi er kjent med at det i løpet av 2026 er kome på nye og omfattande tiltak innan barnevern. Korleis kostnadsbildet blir er usikkert p.t.

Tildelings- og bustadkontoret

Tildeling- og bustadkontoret er samla sett i tråd med budsjett for 1. tertial.

I samband med at kommunen har vedteke å ta i mot 5 einslege mindreårige flykningar, vil Nyhagevegen 33 vera klar for busetjing frå 2.tertial 2026. Intern husleige vil bli inntektsført under tildelings- og bustadkontoret og belasta integreringstenesta med 240` i 2026, jf. budsjettendringsforslag. Det er i tillegg lagt inn korleksjon av utgiftsbudsjettet ned med 76`.

Helse og tilrettelagde tenester

Tilrettelagde tenester - Brennebakkin

I 2025 hadde tenesta meirforbruk på 5 mill. kr, i all hovudsak for bemanning (auka brukar- og tenestebehov, overtid og innleige). Sjølv om det er gjort ein del grep for å betre situasjonen siste året (tilsetjingar, arbeidsmiljø, redusert sjukefråvær mv.), er det også i 2026 høg risiko for budsjettsprek. Det har vorte sett i verk strakstiltak for å hindre eit like stort meirforbruk vidare.

- Det blir gjennomført ei tidsavgrensa auke i fast bemanning tilsvarande to årsverk, for å løyse vikarbehovet på ein rimelegare måte enn ved bruk av overtid, eksterne vikarar mv.. Dette er ikkje å rekne som ny normalbemanning, men som eit mellombels tiltak.

Andre tiltak som er sette i verk frå april 2026:

- Avslutning av bruk av vikarbyrå frå 1. juni 2026
- Forsterka innsats i arbeidet med sjukefråvær, med mål om 7 % fråvær
- Innføring av nye rutinar for overtid, med mål om kraftig reduksjon frå mai 2026
- Behovsstyrt bemanning etter prinsippet «godt nok», betre fleksibel bruk av tilsette i turnus og utvida brukaropplæring
- Innføring av e-helse og velferdsteknologi, med mål om å realisere gevinstar der dette er mogleg.

Tenesta har per april eit meirforbruk på om lag kr 1 mill. Vi estimerer eit meirforbruk ved årets slutt på om lag kr 2,5 mill.

Helsetenestene er venta å lande om lag på budsjett, sjølv om det er noko avvik per april.

Legetenesta har eit meirforbruk per april på ca. 500`. Avviket skuldast i hovudsak svikt i inntekter frå eigenandelar og refusjonar, og auka utgifter knytt til sjukevikar og bruk av tolk. Helsestasjon, skulehelsetenesta og psykisk helseteneste har per april eit mindreforbruk på 167`.

Teknisk drift

Sjølvkostområda

VA har lågare inntekter enn budsjettert per april. Tilkoplingsavgiftene kan variere mykje frå år til år, det har vore forholdsvis stille på dette området i fjor og hittil i år.

Generaløkonomi

Drifta er i stor grad i tråd med budsjett. Foreløpig legg vi til grunn at budsjetttramma held for året, sjølv om det er usikkerheit knytt til bl.a.:

- Kommunale vegar. Her ligg vi godt over budsjett som følgje av advokatkostnader / tvist. Vintervedlikehaldet er ein stor post, men synes å vera litt rimelegare enn budsjettert.
- Kommunale bygg. Auka tal på bygg og serviceavtalar siste åra, og dermed også auka risiko for reparasjons-/vedlikehaldsbehov, kombinert med generelt høg prisauke, gjer at vi er usikre på om budsjettet her held. Vi vil ta ein grundigare gjennomgang ved 2.tertial.

I samband med installasjon av varmpumpe mv. i administrasjonsbygget på Løken, er det avtala auka leigeinntekt frå Nasjonalt senter for fjellandbruk, og dette er lagt inn som budsjettendringsforslag med -172`.

Næring plan og byggesak

Generaløkonomien er i tråd med budsjett.

På sjølvkostområda er det om lag 877` lågare gebyrinntekter i fyrste del av 2026 enn budsjettert. Avviket er særleg knytt til sjølvkostområdet byggesak, og skuldast i hovudsak handsaming av tiltak med låge gebyr. Det er enno for tidleg å seie om dette vil vere ein gjennomgåande trend for resten av året. Sjølvkostområdet har frå før underskot til framføring. Arbeidsoppgåver er omfordelt til andre område (bl.a. kommunale planer og eigedomsskatt omtaksering), for å sikra betre samsvar mellom lønsutgifter og inntekter innan sjølvkostområdet. I fyrste del av året ligg lønsutgiftene noko under budsjettet. Det er underskot også på dei andre sjølvkostområda, men i mindre grad. Det er venta at dette vil stabilisere seg gjennom året.

Kraftforvaltning

Kraftforvaltning vil truleg få eit høgare overskot enn budsjettert for året, som følgje av høge prisar på nyåret, men prognosane er svært usikre så tidleg på året. Ev. meirinntekter skal setjast på kraftfond (jf. vedteke kraftforvaltningsreglement), for å sikre ein særskilt buffer for moglege tap enkelte år.

Ramme og skatt

Med bakgrunn i revidert nasjonalbudsjett (RNB) oppdaterte KS 15.mai prognosemodellen for skatteinntekter og rammetilskot til kommunane. Her ser det ut som Øystre Slidre kommune vil få 2 mill. meir enn det vi har budsjettert med for 2026, og der auken i alt vesentleg kjem som følgje av høgare skatteinntekter (inkl. eigedomsskatt). Kommunen sjølv må vurdere om skatteanslaget i RNB er realistisk. Vi synes det er vanskeleg å ha tillit til at skatteinntektene til Øystre Slidre kommune skal auke så mykje som anslaget i RNB, og har vald å ikkje ta inn dette inn i vår prognose no. Vi har lagt inn auke med 200`, med bakgrunn i at kommunen sine eigedomsskatteinntekter ser ut til å bli omlag 160` over budsjett, om det ikkje skjer betydelege korreksjonar (ev. blir det innan kraftverksselskap, der grunnlaget kjem frå skatteetaten med løpande endringar).

RNB har lagt til grunn høgare prisvekst enn føresett i statsbudsjettet. Den kommunale løns- og prisveksten (deflatoren) i 2026 er oppjustert med 0,6 %-poeng til 4,1%. Den kommunale prisveksten er auka med 2,1 %-poeng til om lag 4,9% i RNB. Årslønsveksten er oppjustert med 0,4 %-poeng til 4,4 %. Årslønsveksten inkl. pensjonskostnader er justert ned med 0,4%-poeng til 3,6%, fordi veksten i

pensjonskostnader inkl. amortisering ligg ann til å bli vesentleg lågare lagt til grunn i budsjettet. Auken i rammetilskot for oss marginal som følgje av auka deflator.

Renter og avdrag

Vi har ikkje kjente budsjett-/prognoseavvik per 1.tertial, men vi viser til forslag til budsjettendringar som følgje av investeringar på Løken.

Sjølv om rentenivået er auka, slik at netto renteutgifter vil bli noko høgare enn budsjett, vil kommunen vil halde renteutgiftene nede ved å ta opp nye lån seint på året.

Interne finanstransaksjonar

Bruk og avsetning til fond og overføring til investering skal bli ført lik budsjettet, om ikkje året når det blir avslutta krev saldering mot nokon av postane for å få resultatet i null. Det er ikkje kjente budsjett-/prognoseavvik per 1.tertial, ut over det som er omtala under andre avsnitt. Vi viser til budsjettendringsforslag som følgje av investeringar på Løken.

Pensjon (felles): Prognose frå KLP av 14.april 2026 viser reduksjon i pensjonskostnader med ca. 2,3 mill. for 2026 i forhold til prognosen frå KLP hausten 2025 / budsjettet for 2026. Hovudårsaka til endra prognose er høgare avkastning på pensjonsmidla. Vi reduserer prognosen vår tilsvarande med 2,3 mill.

Investeringar

Nedanfor følgjer oversikt over budsjett for 2026 og rekneskap per april. Tabellen inneheld kommentar om prosjekta er i tråd med plan eller ikkje, og forslag til budsjettendringar ved 1.tertial.

Vi gjer merksam på at budsjettendringane som er lagt fram i samband med årsrekneskapen for 2025 er medtekne i "Budsjett inkl.endring-26". Alle tal er i heile 1000 kr.

2026-1 tertial rapport - Øystre Slidre kommune

Investering per prosjekt	Budsjett-26	Budsjett inkl. endring-26	Regnskap per april-26	Avvik i NOK	Iht plan ?	Kommentar	Budsj endr ved 1.tert.
SUM	-	-	5 790	5 790			-
Sum generaløkonomi-prosjekt	46 976	58 658	5 909	52 749			6 400
31001 Andelar i KLP	950	950	-	950	Ja	Blir fakturert oss på hausten.	
31003 Lån avdrag formidlingslån (startlån)	-	-	266	266	Ja	Går i null ved årets slutt	
31009 Utlån (formidlingslån)	2 000	2 000	-	2 000		Årets budsjetttramme er disponert til eit tiltak. Vi bør auke årets budsjetttramme for moglege fleire utlån i år.	4 000
31009 Utlån (formidlingslån) - bruk av innlån	- 2 000	- 2 000	-	2 000		Vi bør auke årets budsjetttramme for moglege fleire utlån i år (bruk av ubrukte lånemiddel).	- 4 000
31010 Utlån (av egne middel)	- 950	- 950	475	475	Ja		
32099 Sal av tomt	- 1 000	- 1 000	1 170	170	Ja		
32503 Kjøp 34/147 for nytt helsehus/ombygg gml sjukeheimen	1 700	1 700	-	1 700		Blir vurdert i tilknytning til kjøp av 34/14. Kjøp av 34/14 vil få auka prosesskostnader som følgje av frivillig skjønn.	
32504 Tomt del av 3/148 Liahaugstølen	-	1 380	1 350	30	Ja	Omkostningar kjem seinare	
34009 Rogne skule - uteområde	450	450	20	430	Ja		
34052 Nytt helsehus mv.	14 000	14 000	-	14 000	Ja	Start seinhaust-26	
34055 Nye energiløysingar ØSUS / vannboren varme ØSUS	-	147	1 412	1 559		Det er meirforbruk på prosjektet som i all hovudsak er knytt til oppgraderinga av SD-anlegget, som måtte bli meir omfattande enn føresett. Sluttoppgjer manglar p.t. Vi sluttrapporterer prosjektet ved 2.tertial.	
34064 Skoltefoss kraftverk - oppgradering 2024-2026	6 500	6 500	1 279	5 221		Rehabiliteringa er i full gang, stasjonen skal vera klar for drift nov-26. Prosjektet blir dyrare enn føresett, og forsikringsoppgjert kan bli lågare.	3 500
34065 Nytt takbelegg kommunehuset Tingvang 2026	350	350	-	350	Ja		
34067 Ny energiløysing Løken - varmpumpe anlegg adm bygg	930	338	-	338	Ja		
34070 Hegge stavkyrkje rehab -26-	719	719	-	719	Ja		
34330 Fleirfunksjonstrase Stølsliie Garli	500	500	-	500	Ja		
34340 Oppgradering av uteområdet ved ØSUS 2025-	9 900	15 959	2 139	13 819	Ja		
35005 Hovedprosjekt Finntøppvn. Tjednbakkvn.Beitestølvn.Solbakkin (35004,05,13,15)	8 507	11 000	473	10 527	Ja		
35010 Furustrand gangveg Heggenes og dagsturhytte -23-24	- 2 000	- 2 000	-	2 000	Ja	Budsjettposten her er tilskot som kjem inn etter sluttrapportering av delprosjekt.	
35020 Furustrand friområde utvida prosj.	2 419	4 909	169	4 740		Behov for budsjettendring pga. kostnadsvekst og ny tilkomst, netto 1,8 mill. i 2026. Fråtrekk for mva-komp-innt. (1,1 mill.) under finansiering.	2 900
35025 Opparb.næringsområde Raubrøtmoen 2026	4 000	4 000	149	3 851	Ja		
35099 Til fordeling UBA-prosjekt	-	-	298	298	Ja	Går i null ved årets slutt	
Sum sjølvkost-prosjekt	26 279	29 667	4 440	25 227			-
38001 VA mindre anlegg årleg	5 000	5 000	50	4 950	Ja		
38025 VA Nordtorp-Hegge stavkyrkje	-	132	2 232	2 100	Ja		
38055 VA Beitostølen stadion - Haugsynlie	1 000	1 000	-	1 000		Utsett til revidering av VVA-plan	
38060 VA Bygdinvegen-Skogaplassen-Mørstad	3 000	3 000	6	2 994	Ja		
38070 VA Mellseinn-Kveno	-	627	-	627	Ja		
38510 VA Luskeråsen hytteområde	500	500	-	500	Ja		
38530 VA Gravfjellet hytteområde	5 000	6 534	-	6 534	Ja		
38531 VA Gravfjellet - Klimasats	- 5 000	- 5 000	-	5 000	Ja		
38550 VA Robølshevida hytteområde	- 100	- 100	-	100	Ja		
38701 VA Nordtorp Høgdebasseng	13 890	14 377	5 778	8 599	Ja		
38810 VA oppgradering Ole vassverk	1 490	1 742	58	1 684	Ja		
38820 VA Mellseinn vassverk (Kollstad)	500	561	78	483	Ja		
38902 VA auka rensekapasitet	1 000	1 559	702	857	Ja	Utviding Beito RA - det foregår planlegging /prosjektering i år. Anleggs-arbeid blir i hovudsak 2027. Ved ØP-27 vil det bli behov for å oppjustere budsjettet for 2027.	
Sum finansiering (felles)	- 73 255	- 88 325	- 16 139	- 72 186		Blir saldert per 31.12.	- 6 400
37290 Mva-kompensasjon inn	- 8 475	- 11 376	13 879	10 520		Budsj endring Furustrand	- 1 100
39100 Bruk av lån	- 51 913	- 62 258	-	62 258		Budsj endring Løken og Skoltefoss	- 3 162
39700 Overføring frå drift	- 12 867	- 14 740	- 15 332	592		Budsj endring Løken og Furustrand	- 2 138

Nærare om forslaga til budsjettendringar:

- **Utlån formidlingslån**

Vi har ramme på 2 mill. i bruk av startlån til formidlingslån i 2026. Per første tertial er det innvilga lån tilsvarande ramme. Vi foreslår budsjettendring for bruk av 4 millionar meir til utlån formidlingslån i 2026, og dermed bruk av innlån frå Husbanken. Kommunen har ubrukta lånemiddel til formålet, men må vedta budsjettendring for å få lov å nytte desse lånemidla.

- **Skoltefoss kraftstasjon**

Rehabiliteringa er i full gang, og stasjonen skal vera klar for drift nov-26. Kostnadene vert noko høgare enn lagt til grunn i budsjettet, og forsikringsoppgjeret kan bli lågare. Ut frå prognosen basert på tilbod mv. stod det att ca. 15,8 mill. i utgifter ved nyttår. Vi har fått forsikringsoppgjær på 1,3 mill. Dette var vesentleg lågare enn vi venta, og vi har hatt det til ekstern vurdering. Vi har ikkje avslutta saka om forsikring. Det står att 4,5 mill. av dei øyremerka tilskotet vi fekk til rehabilitering etter «Hans». Nettoen utgjer 10 mill., mot budsjett 6,5 mill. Vi har slik det ser ut no behov for å auke budsjettamma med 3,5 mill. i 2026. Vi foreslår å finansiere dette med auka bruk av lån, og legg til grunn at framtidig auka kraftsal vil finansiere auka kapitalkostnader.

- **Furustrand**

Som følge av kostnadsveksten sidan prosjektet vart starta i 2024 og som følge av kostnadene til ny tilkomst som ikkje var ein del av den opphavlege kostnadsramma, vil det vera behov for ei auka finansiering på omlag 1,8 mill. kroner i 2026 (jf. framlagt budsjettendring ved 1.tertial). Både utgifter og tilskot inn er auka i totalprognosen. Budsjettendringa i 2026 består av auka utgifter på 2,9 mill. og auka mva-kompensasjonsinntekt på 1,1 mill. Prosjektet var føresett å gå i null med finansiering vedteke frå eigedomsskattefondet. Vi foreslår å finansiere netto utgiftsauken no også av eigedomsskattefondet. Prosjektet fortset med slutføring i 2027, men dette året er det venta tilskotsinntekter inn som vil finansiere utgiftene.

- **Løken**

I 2026 vert det installert varmepumpe mv. i administrasjonsbygget på Løken. Det er venta at innsparing i energiforbruk vil kompensere for dette i løpet av nokre år. Investeringa er budsjettetert å koste 930`. Den er finansiert dels med bunde fond for Løken (592` i akkumulerte overskot frå leigeinnbetalingar tidlegare år, jf. omtale og budsjettendring i årsrapporten for 2025). Resten av investeringa skal etter avtale i 2026 dekkast av husleigeinntekt frå Nasjonalt senter for fjellandbruk i 2026, med kr 338`. Vi må auke overføringa frå drift til investering med dette beløpet.

Kommunen har sett i gang oppgradering og klargjering av Nyhagevegen 33 for busetjing av fem mindreårige flyktningar (jf. tidlegare vedtak om busetjing). Vi har sett ei ramme på 400` for oppgraderinga. Investeringa vil bli nedbetalt over 3 år av leigetakar (integreringstenesta, dvs. integreringstilskot). For 2026 utgjer det ei leigeinntekt på kr 240` (halve året).

Som følge av desse endringane er det behov for å oppdatere driftsbudsjettet for Løken noko også.

Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Nedanfor følger rapportering for finans-, gjelds- og kraftforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8.

Finansplasseringar:

Per april 2026 har kommunen plassert midlar i:

Bankinnskot

Kr 130.738` er plassert i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskota. Kommunen har hatt rentesats tilsvarande nibor 3 mnd + 0,25% poeng. Det vurderer vi er ei tilfredsstillande rente, med tanke på at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Kommunen vurderer løpande kvar midla skal plasserast, der føremålet er låg finansiell risiko og høg likviditet, jf. finans- og gjeldsreglementet pkt. 2.

Langsiktige strategiske plasseringar.

Kommunen har langsiktige aksjar og andelar med bokført verdi kr 55,2 mill., der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Vi syner til spesifikasjon i note 5 til rekneskapen for 2025.

Kommunen har og langsiktige utlån på 29,7 mill.kr. Største lånet er på 20 mill. til Valdres Energiverk AS. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale. Rentesats er basert på Norges Bank 10-års statsobligasjonsrente, med tillegg av rentebyteavtale mot 10-års Nibor og eit risikopåslag på 3,4 %-poeng. Rente ut frå dette var 7,49% 2025, auka til 7,79% frå 1.april 2026. Vi ytte i 2025 langsiktig lån til Beitostølen Sti- og Løypedrift AS som per no har saldo på 3,9 mill. Utlånet er strategisk for å bidra til låge kapitalkostnader for selskapet, og renta vart sett til 5 årig fastrente på utlånstidspunktet, som var 3,9%.

Det blir betalt årleg utbytte frå Valdres Energi (1,4 mill. i 2025, som utgjer 7% av utlånet). Det blir og betalt utbytte frå Innlandet Energi Holding AS (2,2 mill. i 2025). Bokført verdi på kommunen sin eigardel i Innlandet Energi Holding er 27,2 mill. jf. note 5, og utbyttet i 2025 utgjorde 8,1% avkastning.

Vurdering i forhold til kommunen sitt finansforvaltningsreglement:

Likviditet. Delmål: *Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.*

Arbeidskapitalen (omløpsmiddel trekt frå kortsiktig gjeld) er 93,1 mill. Av dette utgjer unytta lånemiddel ca. 35,8 mill. Midla står på bankkonto, og skal nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2025, men som blir gjennomført framover i 2026. Akkumulert premieavvik inngår også i arbeidskapitalen. Den delen av akkumulert premieavvik som overstig premiefondet i KLP (som ikkje er rekneskapsført, men som vi kan nytte til å betale pensjonspremie i KLP med), er ikkje reelle likvide midlar (13,9 mill.).

Likvide midlar til *drift* (likvide midlar minus ubrukte lånemiddel til investering minus premieavvik/ premiefond) er ca. 43,3 mill. (ned frå 70,6 mill. per 2025). Vi vurderer at likviditeten er tilfredsstillande. Kommunen har likviditet til å betale løpande plikter ved forfall, og kunne tole uføresette likviditetsmessige utfordringar av noko omfang.

Finansiell risiko. Delmål: *Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.*

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskott. Også gjeldsplasseringa vurderer vi det er låg risiko knytt til.

Avkastning på overskotslikviditet. Delmål: *Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.*

Kommunen vurderer å ha konkurransedyktige vilkår i bank. Rentene har vore høgare enn på lenge, etter renteauke siste par år, noko som medfører høgare renteinntekter på likvide midlar.

Avkastning langsiktige aktiva. Delmål: *Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.*

Det har ikkje vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering. Vi har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og vesentleg høgare enn marknadsrenta, og vi har og strategiske eigarpostar i bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringa. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med dei langsiktige finansielle aktiva.

Ikkje avvik i høve krav i finansforvaltningsreglementet.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i finansforvaltnings-reglementet og den faktiske forvaltninga.

Lånegjeld:

Kommunen har ved utgangen av april 2026 ei lånegjeld på kr 506,9 mill. Det er ikkje teke opp nye lån så langt i år. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Vi viser til note 8 i rekneskapen for 2025 og årsrapporten. Alle låna har flytande rente. Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må refinansierast dei neste 12 månader.

Av samla lån utgjer lånegjelda for sjølvkost ca. 241,7 mill. per 2025. Netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda), var totalt på 200,1 mill. per 2025, og ligg under handlingsregelen til kommunen (38,9% av sum driftsinntekter mot mål på 50%). I 2025 og budsjett 2026 er sjølvkostdelen litt aukande, medan delen til generaløkonomien går litt ned.

Kommunen er eksponert for renteauke, men kommunen sin netto renteeksponerte gjeld ligg lågare enn samanliknbare kommunar (kostragruppe 4).

Vurdering i forhold til kommunen sitt gjeldsforvaltningsreglement:

Lågast mogleg totalkostnad for lån. Delmål: *Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.*

Tidlegare låneopptak er gjort etter konkurranse i marknaden. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rentevilkår på låna. Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, at kommunen toler den rentebelastninga som har vore, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta.

Ikkje avvik i høve krav i gjeldsforvaltningsreglementet.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i gjeldsforvaltnings-reglementet og den faktiske forvaltninga.

Kraftforvaltninga

Kommunen sine kraftrettar

Kommunen sine kraftrettar på omlag 54,5 GWh blir seld på kraftbørsen. Kraftrettane inneheld konsesjonskraft på 23 GWh, andelskraft på 28 GWh og eigenproduksjon i Skoltefoss på normalt 2-3 GWh. Etter uveret «Hans» i august 2023 vart kommunen sitt kraftverk Skoltefoss sterkt skada og stoppa opp, og har ikkje vore i produksjon i 2025. Det vart seld 52 GWh i 2025.

Vi nyttar ekstern kraftforvaltar. Kraftforvaltaravtalen har vore ute på konkurranse. Avtalen inneber at vi mottek spotpris + eit påslag pr kWh.

Kommunen må betale kostpris for krafta vi mottek. Prisen for ein mindre del av konsesjonskrafta (1,4 GWh) blir fastsett sentralt (til såkalla ED-pris), medan alt det vesentlege av konsesjonskrafta og andelskrafta til kommunen blir betalt ut frå sjølvkostutrekning frå kraftprodusent. Sjølvkostprisen varierer mykje frå kraftverk til kraftverk, og avheng også i stor grad av spotpris/marknadsprisen i året og vedlikehald i det aktuelle kraftverket.

Kraftforvaltning - reglement

Kraftforvaltning skal følgje reglementet for kraftforvaltning, sist vedteke i kommunestyret i sak KS-34/22. Dette inneber at kommunen i hovudsak skal selja krafta i spotmarknaden (utan prissikring/fastprisavtaler), dvs. å følgje marknaden fullt ut, noko som vil kunne medføre svært store svingingar i resultat frå år til år. Vurderinga er at dette samla skal gje kommunen det beste resultatet over tid. Men det kan enkelte år gje minimale overskot, til og med underskot på kraftsalet. For å redusere den økonomiske risikoen til kommunen, vart det vedteke at kommunen skal bygge opp eit kraftfond, og kun nytte ein fast sum av kraftsalet i drifta kvart år.

Kraftforvaltning - resultat

Kraftforvaltning er budsjettert inn i drifta i 2026 med 8,5 mill.kr (inkl. refusjon jf. avtale), og i tillegg 3,2 mill. i avsetning til kraftfond. Ev. nettoinntekter ut over dette skal bli sett på kraftfond. All krafta er seld i spotmarknaden i 2025 og 2026. Foreløpige prognosar for 2026 viser eit betre resultat enn budsjettert, grunna høge spotprisar i vinter. Prognosane for 2026 er svært usikre, då det er tidleg på året, og leveringsprisane svingar mykje gjennom året.

Vurdering i forhold til kommunen sitt kraftforvaltningsreglement:

Kraftinntekter. Delmål: *Kommunen sine kraftrettar skal forvaltast på ein måte som sikrar ei balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter.*

Krafta har i 2026 blitt seld i marknaden basert på gjeldande reglement.

Ikkje avvik i høve krav i kraftforvaltningsreglementet.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i kraftforvaltnings-reglementet og den faktiske forvaltninga.

Forslag til budsjettendringer ved 1. tertial 2026

Budsjettendringer er foreslått i investering 2026 som følger:

Investeringer	Bud endr - 26 kr	Prosj.	Konto
Furustrand - auka budsjettramme - utgifter	2 900 000	35020	32300
Furustrand - auka budsjettramme - mva-komp inntekt	- 1 100 000	39999	37290
Furustrand - overføring frå drift (e-skatt-fond)	- 1 800 000	39999	39700
Løken - til investering frå drift	- 338 000	34067	39700
Løken - redusert bruk av lån pga auka overføring frå drift	338 000	39999	39100
Løken - bygningstiltak Nyhagevegen 33 (for bufellesskap utleige)	400 000	34068	32300
Løken - bruk av lån	- 400 000	39999	39100
Vidareutlån av startlån Husbanken	4 000 000	31009	35220
Opptak av lån Husbanken	- 4 000 000	31009	39120
Skoltefoss rehabilitering	8 022 000	34064	32300
Skoltefoss rehabilitering - bruk av bunde investeringsfond	- 4 522 000	34064	39500
Skoltefoss rehabilitering - bruk av lån	- 3 500 000	39999	39100
Sum	-		

Budsjettendringer er foreslått i drift 2026 som følger:

Drift	Bud endr - 26 kr	Konto	ansvar
Intern overføring / eigenandel Frivilligsentralen	- 578 000	14705	25030
Intern overføring / eigenandel Frivilligsentralen	578 000	14705	20000
Løken - overføring frå drift til investering	338 000	15700	95000
Løken - leigeinntekt Nyhagevn 33 (3 års nedbet)	- 240 000	11909	30010
Løken Nyhagevn 33 - avdrag og avskrivning av investering-26	133 000	15100	91000
Løken Nyhagevn 33 - renter på investering-26	17 000	15000	91000
Løken oppdatering av leigeinntekter (fjellandbrukssenteret)	- 172 000	16303	42050
Justert utgiftsbudsjett	- 76 000	11900	30010
Furustrand - overføring drift til investering	1 800 000	15700	95000
Furustrand - bruk av e-skatt-fond	- 1 800 000	19401	95000
Migrering til Sensio 365 (velferdstekn.plattform i Valdres) - forprosj.	86 000	12700	30000
Bruk av fritt fond HO til finansierng av Sensio 365 forprosjekt	- 86 000	19400	95000

Positive beløp er auka utgifter eller reduserte inntekter, negative beløp er auka inntekter eller reduserte utgifter.